Bunadar frå Hallingdal

Bunadar og stakkar frå Hallingdal

Gamal tradisjon - ny inspirasjon

Hallingdal har lange bunadstradisjonar.
Dalen har eit rikt utval av bunadar og stakkar, og det er mange ulike lokale variantar.
Bunadane som no er i bruk, er ei vidareføring av den gamle draktskikken,
utan at alle dermed er direkte kopiar av tilsvarande gamle plagg.

I bunadsarbeidet har ein granska tekstilar på museum, eldre foto
og anna biletmateriale, som til dømes teikningar av Flintoe.
Skrivne kjelder og eldre forteljingar har og vore til god nytte.

Dei fleste bunadane som vi kjenner til i dag er frå på slutten av 1600 talet og fram til i dag.
Det vart nytta stoff som ein laga sjølv eller som ein etter kvart fekk kjøpt.
Klesskikkane har endra seg i alle år, og vart påvirka av motar frå Europa. Militæret påvirka og utforminga på kleda.

Stakkane og bunadane frå Hallingdal er populære festplagg.

Alle bunadane frå Husfliden Hallingdal vert produsert i Norge og
me kan tilby eit rikt utval av mønster, materialar og tilbehør.

Velkomen til Husfliden Hallingdal!

Festbunad

Festbunaden for kvinner kom på slutten av 1700-talet og utover 1800-talet, då ”Empire-moten” med høgt liv var rådane i Europa. Frå gamalt vart den brodert på frihand, seinare vart det påtegna mønster på klede.

Friske farger var eit kjennetekn på Hallingsaumen.

FESTBUNAD
- Øvre Hallingdal -

I øvre Hallingdal, Ål og Hol vert det nytta forklede i svart ulldamask.

Ulike hovudplagg har vorte nytta tidlegare, medan luva er den som vert mest nytta i dag.

Det vert og nytta halsklut i silke.

«Ambjørg»

«Margit»

«Borghild»

«Anne Trillhus»

«Randi»

«Mari»

«Sissel»

«Barbro»

FESTBUNAD
- Gol / Hemsedal -

I Gol vert det nytta forklede i rutete ullstoff eller blomstrete ullmousseline.

I Hemsedal vert dei same forkleda nytta, men der nyttar dei og forklede i svart ulldamask.

Ein nyttar ikkje halsklut, men ein kan nytte eit laustsitjande silketørklede som er knytta på sida.

Silketørklede kan og bli knytta over luva.

«Gol I»

«Gol II»

Hemsedal

«Roflekka»

«Egjerd»

FESTBUNAD
- Nes -

På Nes vart det frå gamalt brodert både rett på stakken og det vart påsydd broderte band nede på stakken.

Det vert nytta forklede i rutete ullstoff eller blomstrete ullmousseline.

«Nes»

«Nye Nes»

FESTBUNAD
- Flå -

Festbunaden frå Flå liknar med eit særprega snitt, meir på bunadane nedover dalen; Krødsherad og omegn.

Livet er sidare og bunaden har vest med sjarteliv. Det vert brodert rett på stakken og nytta forklede i rutete ullstoff eller blomstrete ullmousseline.

«Flå I»

«Flå II»

«Flå III»

«Ormerud»

FESTBUNAD
- Krødsherad -

Festbunaden frå Krødsherad kan ha både lang og kort vest med sjarteliv.

Det vert brodert rett på stakken og nytta forklede i rutete ullstoff eller blomstrete ullmousseline.

KJØYREKJOL

Fotsid ullkjol som vert nytta over festbunaden vinterstid.

Jakker

Jakker (trøyer) vert nytta til alle festbunadene.
Saman med jakka vert det nytta fyrierma, bringeklut og silketørklede.

Kneppatrøye til festbunad

Stuttrøye til festbunad

Stuttrøye med krage til festbunad

Jakke til festbunad Flå

Til festbunaden

Fyrierma

Bringeklut
Hallingsaum

Bringeklut
Tredd på sene

Bringeklut
Tredd på sene

Bringeklut
Stramei

Halsklut

Halsklut

Forklestoff

Forklestoff som vert nytta er:

ulldamask,
blomstrete ullmousseline
og rutete ullstoff

Ulldamask

Ull, rutete

Ullmousseline
«Rosamona»

Ullmousseline
«Rose Petit»

Ullmousseline
«Rosita» - svart

Ullmousseline, lys

Ullmousseline
«Rosalinde»

Ullmousseline
«Rosetta»

Ullmousseline
«Rosemarie»

Rukkastakk og Foldadås

RUKKASTAKK OG FOLDADÅS
- Ope liv med bringeklut -

Vart nytta på slutten av 1600-talet
og på 1700-talet.

Husflidens modeller er rekonstruert etter
modell på Hallingdal Folkemuseum Nes,
bøkene til Ågot Noss og teikningar av Flinto.

Stakken er laga i ullstoff og
det er folda eller rynka.

Rukkastakk tydar ”rynka skjørt / stakk”
Foldadås tydar ” folda skjørt / stakk / dås”

RUKKASTAKK OG FOLDADÅS
- Snøreliv med maljer og sølvsnor -

Forklede: svart ulldamask
eller eit trykt bomullstoff.

Livet: laga i silkedamask,
ulldamask eller kallemanke.

Skjorte: mest tidsriktig å nytte skjorte av lin
med brodert krage og mansjettar.

Belte: det vert nytta skinnlist med sølvspenner,
stølebelte eller vevd / smetta belte.

Stoff til liv

Til liv kan ein nytte ulike stoff, og utvalet vil variere.

Jakke til Rukkastakk/Foldadås vert laga i svart klede med pynteband.

BRUDEBUNAD

Brudebunad med stakk i raud ulldamask med kniplingsborder i sølv.

Liv i brochert silkestoff. Forklede i blomstrete ullmousseline.

Brudekrone i ullklede, pynta med søljer.

Kvitsaum

Til festbunaden vert det nytta skjorte / åvadelede i kvitt bomullsstoff, der krage og mansjettar har kvitsaumsbroderi.

Finnes ulike mønster.

Det vart og nytta fargakragar.

Kvitsaum nr: 1

Kvitsaum nr: 4

Ål nr: 1

Kvitsaum nr: 2

Nes

Ål nr: 2

Kvitsaum nr: 3

Flåkrage, Plattsaum

Fargakragar

Fargakragar vert og nytta til festbunaden. For det meste på kvitt bomullsstoff, medan det er mest tidsriktig å nytte skjorte av lin med brodert krage og mansjettar til Rukkastakk og Foldadås.

Fargekrage nr. 1

Fargekrage nr. 2

Fargekrage nr. 3

Flåkrage plattsaum

Flåkrage plattsaum

Korsstingskrage

Korsstingskrage

Korsstingskrage Flå

Festbunadar

Øvre Hallingdal

Nedre Hallingdal

Nes

Flå

Krødsherad

Rukkastakk
- Ope liv

Rukkastak
- Snøreliv

Brudebunad

Helgestakk

KYRKJESTAKK - Helgestakk med broderi

Kyrkjestakkane, som var dei finaste stakkane, hadde ”tjukksaum-broderi”.

Til Kyrkjestakk kan ein nytte kvit skjorte med fargakragar.

- Gol I med omslagsliv-

- Tora -

KYRKJESTAKK - Helgestakk med broderi

- Lailastakk-

Laila

Laila

Gol II

Gol II

Anne Trillhus

HELGESTAKK

Frå gamalt vart stakken nytta i alle høve: Fjøsstakk, kvardagsstakk, helgestakk og kyrkjestakk

Stakken: ullstoff i ulike fargar

Livet: ullstoff eller silkestoff

Dei vart brodert eller pynta med band, og dei aller finaste vart og pynta med ”kørilstein-band”.

Det vart brukt livhjul med sølvspenne på stakkane.

SIDLIVA STAKK
- Hemsedal og Gol -

Denne stakken skil seg ut frå dei andre stakkane med at han har sidt liv og ei trøye som ser ut til å vera sterkt påverka av bymoten, med isette ermar og rynking på aksla.

Stakken vart nytta til alle bruksområder, men gjekk av moten på 1940-1950 talet.

Skjortene var gjerne i rutete stoff og vinterskjorta var dessutan fora.

KNIPLASTAKK
- Flå -

På Flå har dei ikkje hatt nokon særskild helgestakk. Plagga var eins i snitt, men i ulike materialar og ulik pynt.

Stakken med småblomstrete skjorte og skinnbelte.

Ta av belte, bytt til kvit skjorte, ta på vest og forklede og så har du Festbunaden!

Stakkeband

Dei eldste stakkebanda vart vevde på bandvev. Seinare kom det stramei, og då vart det broderte stakkeband, mange av desse er kopi av vevmønster. Dei broderte rosebanda er gjerne kopi av kjøpte roseband. Kyrkjestakkane, som var dei finaste stakkane, hadde ”tjukksaum-broderi”.

Roseband

Åttebladrose

Roseband

Gol

Hemsedal

Smale stakkeband

Hekla Stakkeband

Pynteband

Utvalet av pynteband vil variere

Stakkestoff

Grøn ull

Svart ull

Blå ull

Stripete Stakkestoff ull

Rutete Stakkestoff ull

Sort Ulldamask

Blå Ulldamask

Eit utval av stoff
til stakk og
bunad

Raudrutete Stakkestoff
bomull

Skjortestoff

Stakkeskjorta var anten kvit, blomstrete, rutete eller i silke.

Jo finare stakk – desto finare skjorte. Kragane kunne vera enkle, med nuppereller eller med broderi.

Utvalet av skjortestoff vil variere.

Helgestakkar

Helgestakk
«Laila»

Helgestakk
«Gol II med omslagsliv»

Helgestakk
«Tora»

Helgestakk

Sidliva stakk

Kniplastakk

Vesker

Gol I

Veske med veskelås

Til festbunad og stakk er det mest vanleg å nytte veske med pompadur-fasong.

Veska kan vera i enkelt ullstoff, i klede eller ulldamask med broderi.

Til stakk kan ein og nytte veske med veskelås, som ein heng over livhjulet.

Til Rukkastakk og Foldadås vert det mest nytte veske med veskelås

Anne Trillhus

Stakkevesker

Sjal & Skaut

I kaldt ver nyttarr ein gjerne eit ullplagg over skuldrene. Og ullplagg vert og nytta som hovudplagg.

Plagga kan vera vevde einsfarga eller rutete ullplagg, plagg i ull/silke, eller plagg i blomstrete ull-mousseline.

Sløyfer & Tørkleder

Sølv

Hallingspenner

Søljer

Beltespenne

Halskjede

Til festbunaden og til Rukkastakk / Foldadås
med ope liv er det vanleg med Hallingheng
og Hallingkjede, i tillegg til halsring og sølje.

Til Rukkastakk og Foldadås kan ein
og nytte sølvsnor og sølje.
Til belte kan ein ha skinnlist med sølvspenner
eller komplett stølebelte.

Til stakken er det enklare sølv, gjerne med
kryssnål i to størrelser og Olinenål.
Beltet er livhjul med sølvspenne.

Kryssnål / halsnål

Olinenål

Knapper

Bunadskniv

Lommeur

Attåt...

Til bunad og stakk høver det seg å nytte bunadssko. Det finns ulike modeller og det har og komen bunadsstøvlar til dame.

Stell av bunaden

Etter bruk må støv, skitt og søle vekk så fort som mogeleg, det same gjeld for flekkar av ymse slag. Rens bunaden ved behov.

Luft bunaden i frisk luft.

Vask skjorte etter bruk og legg den vekk utan å stryke den.

Legg eller heng bunaden vekk i bunadspose og skjortepose.

Hugs møllkuler, då møll har vorte nokså vanleg att.

Husfliden Hallingdal AS
Sentrumsvegen 120
3550 Gol

Tel: 32 07 40 60

Epost: hallingdal@norskflid.no

www.norskflid.no/hallingdal

Design - Foto - Produksjon: Adrenalin Media/Rasmus Werner

Design - Foto - Produksjon: Adrenalin Media/Rasmus Werner